# HAREID KOMMUNE

## Møteprotokoll

| | |
|---|---|
| **Utval:** | Formannskapet |
| **Møtestad:** | Kommunestyresalen |
| **Dato:** | 09.03.2026 |
| **Tid:** | klokka 12.00 - 14.30 |

| Desse møtte | Representerer | Funksjon |
|---|---|---|
| Torill Oda Ringstad | AP | medlem |
| Annika Hove | FOHA | medlem |
| Bernt Brandal | FOHA | ordførar |
| Kristian Fuglseth | FOHA | medlem |
| Ranja Dimmen Alme | FOHA | medlem |
| Oskar Grimstad | FRP | varaordførar |
| Øyvind Grimstad | INP | medlem |

**Møtenotater:**
**Frå administrasjonen møtte:**
- Bent Arild Grytten, kommunedirektør
- Hanne Rognan, assisterande kommunedirektør
- Ottar Røyset, kommunalsjef velferd
- Helge Hamre, kommunalsjef læring og kultur
- Erlend Friestad, kommunikasjonsrådgjevar
- Melinda Skeide, einingsleiar kultur
- Johannes Alme, einingsleiar næring
- Silje Kiperberg Aksnes, folkehelsekoordinator
- Kristian Stråmyr, leiar servicetorg (møtesekretær)

**Andre som møtte:**
Varameldem Wenche J. H. Jøsok møtte frå starten av møtet og til og med sak PS 30/36.

Møte slutt: kl. 14.30

# Sakliste

| Sak nr. | Sakstittel | Arkivsaksnr. |
|---|---|---|
| PS 22/26 | Godkjenning av innkalling og sakliste | 26/410 |
| PS 23/26 | Godkjenning av protokoll | 26/410 |
| PS 24/26 | Orienteringar og spørsmål | 26/410 |
| PS 37/26 | Trafikksikring og dialog med Møre og Romsdal fylkeskommune | |
| PS 25/26 | Referatsaker | 26/410 |
| PS 26/26 | Høyringsinvitasjonar | 26/410 |
| PS 27/26 | Godkjenning av Plan for førebygging av omsorgssvikt og utvikling av åtferdsvanskar | 23/1977 |
| PS 28/26 | Godkjenning av Syverplassen barnehage – vedtak jf. Lov om barnehager § 14 | 26/277 |
| PS 29/26 | Klage på vedtak- Oppføring av frittliggande bustadhus - Plassane 75 - gnr. 41 bnr. 372 | 24/705 |
| PS 30/26 | Stadfesting av planprogram - Detaljregulering Raffelneset næringspark (planID 20240002) | 24/1582 |
| PS 31/26 | Innføring av tilsynsavgift for sal av tobakksvarer og tobakkssurrogat - delegering av mynde | 26/305 |
| PS 32/26 | Søknad om fritak frå eldrerådet - Johan Bertel Brandal | 26/389 |
| PS 33/26 | Budsjettendring 2026 - innsparing fordelt på einingsnivå | 25/963 |
| PS 34/26 | Ny samarbeidsavtale for Sunnmøre regionråd - IPR som eige rettssubjekt | 26/429 |
| PS 35/26 | Invitasjon til felles beredskapsråd med Herøy, Sande, Ulstein og Hareid | 26/22 |
| PS 36/26 | Revidering godtgjersle vedtak | 25/1610 |

Hareid, 10.03.2026

Bernt Brandal
ordførar

## PS 22/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

**Vedtak:**
Innkallinga og saklista vart godkjende utan merknad.

**Behandling:**

Fast medlem Øyvind Grimstad (INP) meldte forfall til delar av møtet, og røysta i sakene frå og med PS 31/26. Varamedlem Wenche J. H. Jøsok (H) røysta frå starten av møtet og til og med PS 30/26. Det var i alle saker 7 røystande tilstade.

Samrøystes

## PS 23/26 Godkjenning av protokoll

**Vedtak:**
Protokollen frå førre møte vart godkjend utan merknad.

**Behandling:**

Samrøystes

## PS 24/26 Orienteringar og spørsmål

**Underliggande sak:**

| Saksnr. | Tittel |
|---|---|
| 03/26 | Kunstgåve |
| 04/26 | Orientering ved fylkesordførar Anders Riise |

**Vedtak:**
Orienteringar vart tekne til vitende. Orienteringssak OS 04/26 vert gjort om til ei politisk sak.

**Behandling:**

Kristian Fuglseth (FOHA) fremja forslag om å gjere orienteringssak OS 04/26 om til ei politisk sak: samrøystes
Samrøystes

## PS 37/26 Trafikksikring og dialog med Møre og Romsdal fylkeskommune

**Vedtak:**

1. Formannskapet ber kommunedirektøren fylgje opp gjennom ei eiga sak dei kritiske punkta for trafikksikring som kom fram i møtet i den vidare dialogen med Møre og Romsdal fylkeskommune og arbeidet med innspela til POD.
2. Formannskapet ønskjer at ein i dialogen med fylkeskommunen må prøve å leggje tilrette for ei felles tilbakemelding og behovskartlegging frå kommunane med felles interesser slik at fylkespolitikarane får eit samla vurderingsgrunnlag for dei mest prekære trafikksikringstiltaka lokalt.
3. Punkt som kom fram i møtet kan følgje priorieringslista som var sendt inn ved sist rullering, og ein ser føre seg at saka kjem til politisk handsaming før sommaren.

**Behandling:**

Saka blei sett på saklista i møtet.

Kristian Fuglseth (FOHA) fremja forslag til vedtak:

1. Formannskapet ber kommunedirektøren fylgje opp gjennom ei eiga sak dei kritiske punkta for trafikksikring som kom fram i møtet i den vidare dialogen med Møre og Romsdal fylkeskommune og arbeidet med innspela til POD.
2. Formannskapet ønskjer at ein i dialogen med fylkeskommunen må prøve å leggje tilrette for ei felles tilbakemelding og behovskartlegging frå kommunane med felles interesser slik at fylkespolitikarane får eit samla vurderingsgrunnlag for dei mest prekære trafikksikringstiltaka lokalt.
3. Punkt som kom fram i møtet kan følgje priorieringslista som var sendt inn ved sist rullering, og ein ser føre seg at saka kjem til politisk handsaming før sommaren.

**Røysting:**
Samrøystes for Kristian Fuglseth sitt forslag til vedtak.

## PS 25/26 Referatsaker

**Underliggande sak:**

| **Saksnr.** | **Tittel** |
|---|---|
| 01/26 | Folkehelseprofil 2026, Hareid |
| 02/26 | Årsrapport politiråd 2025 |
| 03/26 | Invitasjon til dialogmøte om Helseplattformen |

**Vedtak:**
Referatsaker vart tekne til vitende.

**Behandling:**

Samrøystes

null

## PS 26/26 Høyringsinvitasjonar

**Underliggande sak:**

| Saksnr. | Tittel |
|---|---|
| 35/26 | Høyring - Endringar i forskrifter om tilskot til natur- og friluftsformål |
| 36/26 | Høyring – Tidleg medisinsk heimeabort i dei kommunale helse- og omsorgstenestane |
| 37/26 | Høyring av nasjonalt råd: Fysisk aktivitet ved overvekt eller fedme |
| 38/26 | Høyring av retningslinjer for økonomisk vederlag til kommunar som har hatt vesentlege utgifter til tiltak mot akutt forurensning |
| 39/26 | Høyring: Nasjonal retningslinje for hjerneslag - to anbefalingar som gjeld synsutfordringar etter hjerneslag |
| 40/26 | Invitasjon til høyring - Fylkesstrategi for kultur 2026 - 2029 |
| 41/26 | Varsel om oppstart og høyring av planprogram: Hovudplan vatn, avløp og overvatn for Ørsta kommune |

### Vedtak:
Formannskapet tek høyringsinvitasjonane til vitende.

### Behandling:

Samrøystes

## PS 27/26 Godkjenning av Plan for førebygging av omsorgssvikt og utvikling av åtferdsvanskar

### Vedtak:
**Formannskapet innstiller på at:**
Plan for førebygging av omsorgssvikt og utvikling av åtferdsvanskar vert godkjent slik den ligg føre.

### Behandling:

Samrøystes for kommunedirektøren si tilråding.

**Kommunedirektøren si tilråding:**
Plan for førebygging av omsorgssvikt og utvikling av åtferdsvanskar vert godkjent slik den ligg føre.

## PS 28/26 Godkjenning av Syverplassen barnehage – vedtak jf. Lov om barnehager § 14

### Vedtak:
**Formannskapet innstiller på at:**
Med heimel i Lov om barnehager av 1. januar 2006 nr. 64 § 14 vert Syverplassen barnehage godkjent.
Leike- og opphaldsareal: **Inne** 381,3 m2 **Ute:** 3622,8 m2
Alder**: 0-6 år**
Barnehageeigar si norm for arealutnytting er sett til 4 m2 for barn over tre år og 5,3 m2 for barn under tre år.

### Behandling:

Samrøystes for kommunedirektøren si tilråding.

**Kommunedirektøren si tilråding:**
Med heimel i Lov om barnehager av 1. januar 2006 nr. 64 § 14 vert Syverplassen barnehage godkjent.
Leike- og opphaldsareal: **Inne** 381,3 m2 **Ute:** 3622,8 m2
Alder**: 0-6 år**
Barnehageeigar si norm for arealutnytting er sett til 4 m2 for barn over tre år og 5,3 m2 for barn under tre år.

## PS 29/26 Klage på vedtak- Oppføring av frittliggande bustadhus - Plassane 75 - gnr. 41 bnr. 372

### Vedtak:
Formannskapet viser til tidlegare gjeven dispensasjon i sak 101/24 i møtet 23.09. 2024.
Fylgjande vedtak er gjort:
"*Formannskapet gjev dispensasjon frå reguleringsplan Plassane, planID 19990001, slik det er søkt om. Reguleringsplan Plassane, planID 19990001 er noko utdatert. Det bør difor settast i gang arbeid med å tilpasse reguleringsplanen til dagens byggeskikk, utvikling og behov.*
*Det vert sett igang arbeid med å tilpasse eksiterande reguleringsplan. Spørsmålet om presedens er difor ei uaktuell problemstilling samstundes som dispensasjon i denne konkrete saka ikkje vesentleg tilsidesett planen.*
*Fordelane er dermed klart større enn ulempene. Begge vilkåra for å gi dispensasjon etter § 19-2 er difor oppfylt.*"

<u>Presisering:</u>
- Formannskapet i Hareid kommune gav dispensasjon til oppføring av bustad med mønehøgd på inntil 8,5 m frå gjennomsnittleg planert terreng. Det nye bygget skulle altså oppførast utan å overstige mønehøgda på eksisterande bygg.
- Dispensasjonen vart gitt som omsøkt.
- Formannskapet la <u>ikkje</u> snitteikning til grunn i si vurdering.

Formannskapet sender saka attende til administrasjonen for ny vurdering og handsaming med bakgrunn i presiseringa ovanfor.

## Behandling:

Kristian Fuglseth (FOHA) fremja eit tilbakesendingsframlegg:
Formannskapet viser til tidlegare gjeven dispensasjon i sak 101/24 i møtet 23.09. 2024.
Fylgjande vedtak er gjort:
"*Formannskapet gjev dispensasjon frå reguleringsplan Plassane, planID 19990001, slik det er søkt om. Reguleringsplan Plassane, planID 19990001 er noko utdatert. Det bør difor settast i gang arbeid med å tilpasse reguleringsplanen til dagens byggeskikk, utvikling og behov.*
*Det vert sett igang arbeid med å tilpasse eksiterande reguleringsplan. Spørsmålet om presedens er difor ei uaktuell problemstilling samstundes som dispensasjon i denne konkrete saka ikkje vesentleg tilsidesett planen.*
*Fordelane er dermed klart større enn ulempene. Begge vilkåra for å gi dispensasjon etter § 19-2 er difor oppfylt.*"

Presisering:

- Formannskapet i Hareid kommune gav dispensasjon til oppføring av bustad med mønehøgd på inntil 8,5 m frå gjennomsnittleg planert terreng. Det nye bygget skulle altså oppførast utan å overstige mønehøgda på eksisterande bygg.
- Dispensasjonen vart gitt som omsøkt.
- Formannskapet la ikkje snitteikning til grunn i si vurdering.

Formannskapet sender saka attende til administrasjonen for ny vurdering og handsaming med bakgrunn i presiseringa ovanfor.

**Røysting:**
Samrøystes for tilbakesendingsframlegget

**Kommunedirektøren si tilråding:**
Formannskapet viser til motteke klage datert 23.01.2026 i saknr. 24/705 på vedtaksnr. DS 117/25.
Det er ikkje motteke nye moment i saka. Vedtaket gjort i DS117/25 datert 19.12.2025 vert oppretthaldt.
Klaga vert ikkje teke til fylgje.

Saka vert sendt over til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal for endeleg avgjerd av saka.

# PS 30/26 Stadfesting av planprogram - Detaljregulering Raffelneset næringspark (planID 20240002)

## Vedtak:
Hareid formannskap vedtek, jf. plan- og bygningslova §§ 4-1 og 12-9 og Forskrift for konsekvensutredning § 16, å fastsette planprogram for detaljregulering Raffelneset næringspark.

## Behandling:

Samrøystes for kommunedirektøren si tilråding

**Kommunedirektøren si tilråding:**
Hareid formannskap vedtek, jf. plan- og bygningslova §§ 4-1 og 12-9 og Forskrift for konsekvensutredning § 16, å fastsette planprogram for detaljregulering Raffelneset næringspark.

## PS 31/26 Innføring av tilsynsavgift for sal av tobakksvarer og tobakkssurrogat - delegering av mynde

### Vedtak:
**Formannskapet innstiller på at:**

- Kommunestyret vedtek å innføre årleg tilsynsavgift for sal av tobakksvarer og tobakkssurrogat i kommunen, jf. tobakksskadelova § 7. Avgifta skal følgje dei til ei kvar tid gjeldande satsane i forskrift om registrerings- og bevillingsordning for tobakksvarer mv. (tobakksalgsforskrifta) § 33.
- Kommunestyret delegerer mynde etter tobakksskadelova og tobakksalgsforskrifta til kommunedirektøren, inkludert mynde til å krevje tilsynsavgift, gjennomføre tilsyn, og fatte nødvendige einskildvedtak og reaksjonar etter regelverket.

### Behandling:

Øyvind Grimstad (INP) tok sete.

**Røysting:**
Kommunedirektøren si tilråding blei vedteke mot ei røyst (FRP)

**Kommunedirektøren si tilråding:**

- Kommunestyret vedtek å innføre årleg tilsynsavgift for sal av tobakksvarer og tobakkssurrogat i kommunen, jf. tobakksskadelova § 7. Avgifta skal følgje dei til ei kvar tid gjeldande satsane i forskrift om registrerings- og bevillingsordning for tobakksvarer mv. (tobakksalgsforskrifta) § 33.
- Kommunestyret delegerer mynde etter tobakksskadelova og tobakksalgsforskrifta til kommunedirektøren, inkludert mynde til å krevje tilsynsavgift, gjennomføre tilsyn, og fatte nødvendige einskildvedtak og reaksjonar etter regelverket.

## PS 32/26 Søknad om fritak frå eldrerådet - Johan Bertel Brandal

### Vedtak:
**Formannskapet innstiller på at:**
Johan Bertel Brandal får permanent fritak som medlem i eldrerådet i Hareid kommune.

### Behandling:

Samrøystes for kommunedirektøren si tilråding.

**Kommunedirektøren si tilråding:**
Johan Bertel Brandal får permanent fritak som medlem i eldrerådet i Hareid kommune.

## PS 33/26 Budsjettendring 2026 - innsparing fordelt på einingsnivå

**Vedtak:**
**Formannskapet innstiller på at:**
Kommunestyret vedtek budsjettendringane på einingsnivå slik det går fram av saksframlegget og vedlegg.

**Behandling:**

Kommunedirektøren si tilråding blei vedteke mot to røyster (INP og AP)

**Kommunedirektøren si tilråding:**
Kommunestyret vedtek budsjettendringane på einingsnivå slik det går fram av saksframlegget og vedlegg.

## PS 34/26 Ny samarbeidsavtale for Sunnmøre regionråd - IPR som eige rettssubjekt

**Vedtak:**
**Formannskapet innstiller på at:**
1. Hareid kommunestyre gjer om tidlegare vedtak om å legge ned Sunnmøre regionråd IKS.
2. Hareid kommunestyre gjer om tidlegare vedtak om å slutte seg til samarbeidsavtalen for Sunnmøre regionråd IPR med Ålesund kommune som kontorkommune, og sluttar seg i staden til samarbeidsavtalen for Sunnmøre regionråd IPR som eige rettssubjekt.
3. Hareid kommunestyre oppnemner eitt medlem og minst to varamedlemmar til representantskapet i Sunnmøre regionråd IPR som eige rettssubjekt:
   ________________, ________________, ________________.

**Behandling:**

Samrøystes for kommunedirektøren si tilråding

**Kommunedirektøren si tilråding:**
1. Hareid kommunestyre gjer om tidlegare vedtak om å legge ned Sunnmøre regionråd IKS.
2. Hareid kommunestyre gjer om tidlegare vedtak om å slutte seg til samarbeidsavtalen for Sunnmøre regionråd IPR med Ålesund kommune som kontorkommune, og sluttar seg i staden til samarbeidsavtalen for Sunnmøre regionråd IPR som eige rettssubjekt.
3. Hareid kommunestyre oppnemner eitt medlem og minst to varamedlemmar til representantskapet i Sunnmøre regionråd IPR som eige rettssubjekt:
   ________________, ________________, ________________.

## PS 35/26 Invitasjon til felles beredskapsråd med Herøy, Sande, Ulstein og Hareid

### Vedtak:
Hareid formannskap er positiv til eit felles, regionalt beredskapsråd med Sande, Herøy, Ulstein og eventuelt Vanylven. Hareid kommune vil delta i drøftingar om å etablere eit interkommunalt beredskapsråd. I drøftingane vil geografisk omfang, samansetnad og arbeidsform bli avklara.

### Behandling:

Samrøystes for kommunedirektøren si tilråding.

**Kommunedirektøren si tilråding:**
Hareid formannskap er positiv til eit felles, regionalt beredskapsråd med Sande, Herøy, Ulstein og eventuelt Vanylven. Hareid kommune vil delta i drøftingar om å etablere eit interkommunalt beredskapsråd. I drøftingane vil geografisk omfang, samansetnad og arbeidsform bli avklara.

## PS 36/26 Revidering godtgjersle vedtak

### Vedtak:
**Formannskapet innstiller på at:**
Kommunestyret vedtek å redusere godtgjerslesatsane for folkevalde i Hareid kommune med 11 prosent, slik det går fram av tabellen. Dette gjeld vanleg møtegodtgjersle og leiargodtgjersla til leiarane av næring- og miljøutvalet, levekårsutvalet og kontrollutvalet. Endringa gjeld frå 20. mars og ut 2026.

Til saman gir det ein reduksjon på 64 500 kroner i 2026. I tillegg vil ordførar og varaordførar betale inn 5250 kvar. Samla innsparing blir då 75000.

Dei resterande 75000 blir dekka av innsparingar på eining for kultur.

Ny tabell 5-1 i forskrift om godtgjersle for folkevalde i Hareid kommune blir slik ut 2026:

| NIVÅ | ORGAN | | GAMAL SATS G | GAMAL SATS KR | **NY SATS G** | **NY SATS KR** |
|---|---|---|---|---|---|---|
| I | Kommunestyre, formannskap | Per møte | 0,011 | 1432 | **0,0098** | **1276** |
| II | LKU, NMU, KON | Per møte | 0,009 | 1171 | **0,008** | **1041** |
| III | Div | Per møte | 0,007 | 911 | **0,006** | **781** |
| IV | Medverknadsorg. | Per møte | 0,005 | 651 | **0,0045** | **586** |
| Leiargodtgjersle | NMU/LKU/KON | årleg | 0,13 | 16920 | **0,115** | **14968** |

**Behandling:**

Kristian Fuglseth (FOHA) fremja eit nytt forslag til vedtak som fellesframlegg frå alle listene: Kommunestyret vedtek å redusere godtgjerslesatsane for folkevalde i Hareid kommune med 11 prosent, slik det går fram av tabellen. Dette gjeld vanleg møtegodtgjersle og leiargodtgjersla til leiarane av næring- og miljøutvalet, levekårsutvalet og kontrollutvalet. Endringa gjeld frå 20. mars og ut 2026.

Til saman gir det ein reduksjon på 64 500 kroner i 2026. I tillegg vil ordførar og varaordførar betale inn 5250 kvar. Samla innsparing blir då 75000.

Dei resterande 75000 blir dekka av innsparingar på eining for kultur.

Ny tabell 5-1 i forskrift om godtgjersle for folkevalde i Hareid kommune blir slik ut 2026:

| NIVÅ | ORGAN | | GAMAL SATS G | GAMAL SATS KR | **NY SATS G** | **NY SATS KR** |
|---|---|---|---|---|---|---|
| I | Kommunestyre, formannskap | Per møte | 0,011 | 1432 | **0,0098** | **1276** |
| II | LKU, NMU, KON | Per møte | 0,009 | 1171 | **0,008** | **1041** |
| III | Div | Per møte | 0,007 | 911 | **0,006** | **781** |
| IV | Medverknadsorg. | Per møte | 0,005 | 651 | **0,0045** | **586** |
| Leiargodtgjersle | NMU/LKU/KON | årleg | 0,13 | 16920 | **0,115** | **14968** |

**Røysting:**
Det blei røysta alternarivt over fellesframlegget og tilrådinga frå kommunedirektøren.
Samrøystes for fellesframlegget

**Kommunedirektøren si tilråding:**
Kommunestyret vedtek eitt av følgande alternativ:

- Alternativ A: 30 prosent reduksjon i møtegodtgjersla for medlemmar i alle folkevalde organ (som i høyringa): 163 000 kroner
- Alternativ B: 30 prosent reduksjon i møtegodtgjersla for medlemmar *og leiarar i hovudutval og kontrollutval*: 178 000 kroner